



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201206093-15	25.08.2015	60267/2015/S11	Anders Røystrand, tlf. 71 25 82 90	18.09.2015

Rauma kommune - bygging av Kavlifoss minikraftverk – om fylkeskommunen si fråsegn til konsesjonssøknad

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til brev av 25.8.2015 om endring av vedtaksmyndigheit i konsesjonssak for Kavlifoss minikraftverk i Rauma kommune. NVE ønskjer å sluttbehandle konsesjonssøknaden saman med fire søknader om småkraftverk i det same vassdraget (Isa-vassdraget) og sjølve gjere vedtak om evt. konsesjon for Kavlifoss minikraftverk. Dette inneber eit unntak frå myndigheita fylkeskommunen har til å gje konsesjon for minikraftverk (under 1 MW), jf. delegeringsbrev frå Olje- og energidepartementet 7.12.2009.

Vurdering

NVE har, som vanleg i slike saker, sendt søknad om løyve til å bygge Kavlifoss minikraftverk på høyring. Høyringsperioden var 26.6. – 2.9.2013. Møre og Romsdal fylkeskommune sende ei administrativ fråsegn 6.9.2013, der vi vurderte søknaden ut frå våre ansvarsområde innanfor verdiskaping/næringsutvikling, kulturminnevern og regionale friluftssinteresser. Fråsegna vart lagt fram for Fylkesutvalet i Møre og Romsdal, som referatsak i møte 25.11.2013, og vart der samrøystes teke til orientering utan vidare merknader. Det er dermed ikkje gitt andre regionalpolitiske signal i saka, ut over dei forhold som vart peika på i den administrative fråsegna.

Brevet frå NVE 25.8.2015 kom for seint til at vi kunne fremme saka for politisk behandling i sittande politiske utval. Første moglegheit for politisk behandling her er måndag 26. oktober 2015. Vi kan då eventuelt legge fram saka for endeleg uttale frå fylkeskommunen til NVE si sluttbehandling.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Røystrand
rådgivar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Kopi:
Rauma kommune